



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
201107502-7	02.12.2015	80449/2015/S11	Anders Røystrand, tlf. 71 25 82 90	04.03.2016

## Molde kommune - bygging av Bordalselva kraftverk - fråsegn til konsesjonssøknad

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Generelt

Søknaden gjeld utbygging av Bordalselva nordaust på Skålahalvøya. Det er opplyst om to grunn- og fallrettshavarar til tre eigedomar: Gbnr. 93/1, 94/3 og 94/7. Gnr 93 bnr. 1 (Statskog SF) er feilaktig omtalt som gnr. 91 bnr. 1 i vedlegg 7.

### Kraftproduksjon og verdiskaping

Møre og Romsdal fylkeskommune har mål om auka verdiskaping frå fornybar energi, noko som kjem fram i *Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013-2016*, og satsinga Energiregion Møre. Auka lokal produksjon av elektrisk energi er også ei målsetjing for å sikre kraftforsyning i fylket.

Det er samstundes eit mål i fylkesplanen at areal- og naturressursane skal forvaltast slik at miljø og artsmangfald vert teke vare på. Vi er kjent med Naturvernforbundet i Møre og Romsdal sitt krav om ny kartlegging, då dei meiner området har fleire naturtype-lokalitetar som ikkje er funne av konsulent (Sweco Norge AS) eller omtalt i rapport om verknader på biologisk mangfald (vedlegg 9 til søknaden). NVE skal vurdere søknad om konsesjon etter naturmangfaldlova, og fylkeskommunen forventar at direktoratet ved behov stiller nødvendige krav om supplerande biologiske undersøkingar før slutt-behandling.

### Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion

*Regional plan for vassforvaltning i Vassregion Møre og Romsdal 2016-2021* vart vedtatt 8.12.2016. Planen omtalar under kap. 5.3 *Unntaksføresegner* kriterium for ny aktivitet eller nye inngrep, med tilvising til vassforskrifta § 12. Vi legg til grunn at NVE vurderer søknaden om konsesjon etter desse kriteria. I Vann-nett er Bordalselva oppført som vassførekomst med god økologisk tiltand.

Vi registrerer elles at Fylkesmannen i Møre og Romsdal ikkje rår frå søknaden m.o.t. påverknad på akvatisk miljø.

### Kulturminne og kulturmiljø

Forholdet til automatisk freda kulturminne vart klarlagt gjennom ei registrering i 2012. Det vart ikkje påvist nokon hittil ukjende automatisk freda kulturminne. Temaet er elles

greitt belyst i konsekvensutgreiinga. Kulturavdelinga har difor ingen vidare merknad til konsesjonssøknaden.

### **Friluftsliv/Landskap**

Skålaområdet er generelt registrert som friluftsområde med lokal bruksverdi. Sjølve Skåla, med etablerte turtrasear, må sjåast som eit turmål med regional bruk. Hovudtyngda av dagens turtrafikk til Skåla kjem nok frå vest eller sør. Opprusting av eksisterande skogsbilveg i Bordalen kan gjere området meir populært som innfallsport.

Vi har ikkje spesielle opplysingar om bruken av Bordalen, ut tur- og jaktbruk som er omtalt i søknaden. Eksisterande skogsbilveg og høgspenningelinje gjer at dalføret ikkje er fritt for inngrep i dag. Bordalsvatnet og den øvste delen av elva inngår i Sotnakkvatnet naturreservat, og vil ikkje bli råka av nye inngrep, ettersom inntaksdam er planlagt ein drøy kilometer nedanfor Bordalsvatnet, med ein kort tilkomstveg frå eksisterande skogsbilveg.

I tillegg til redusert vassføring vil planlagt inntaksdam i størst grad påverke landskapsopplevinga. Det er planlagt bygging av ein 4 m høg og 30 m brei betongdam som vil demme opp eit areal på 4 600 m<sup>2</sup>. Dette vil utgjere eit godt synleg inngrep frå liene og fjellryggane kring Bordalen. Søknaden gir ikkje noko særskilt grunngeving for å etablere ein såpass stor inntaksdam, eller opplysingar om i kva grad ein redusert inntaksdam vil påverke kraftproduksjonen. NVE bør vurdere å innhente slik informasjon frå søkjar.

### **Konklusjon**

Fylkeskommunen vurderer at utbygging av Bordalselva kan gi eit bidrag til lokal kraftproduksjon utan større konflikt med vesentlege regionale interesser. Vi tek likevel eit atterhald om naturmangfaldsverdiar, der vi forventar at NVE sikrar nødvendig kvalitet på kunnskapsgrunnlaget før sluttbehandling av søknaden.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Røystrand  
rådgivar

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Kristoffer Dahle, tlf. 71 25 89 03

Kopi:

Molde kommune  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal